



# MOVING MOUNTAINS

HARDANGERFJORD STREET ART FESTIVAL 2018

Søknad om festivalstøtte til Hordaland Fylkeskommune

# **MOVING MOUNTAINS**

## HARDANGERFJORD STREET ART FESTIVAL 2018

Me er ei gruppe kunstnarar og gatekunstnarar, korav nokre av oss har tilknyting til Kvinnherad, andre til Bergen, som ønsker å bidra til den allereie blomstrande veggkunsten i Kvinnherad kommune i Hordaland. Dei siste åra har stadig fleire veggar rundt omkring i denne kommunen blitt smykka med flotte veggmaleri, frå Halsnøy til Rosendal. Her er arbeid av lokale kunstnarar, som Gute Haugland og Nipper John, men også av kjende nasjonale og internasjonale gatekunstnarar som AFK, Axel Void, NDA, OverUnder og Canemorto, for å nemna nokre. Kvinnherad, og særleg Halsnøy, har såleis fått ein markant plass på kartet over gatekunst i landet vårt.

Kvinnherad ligg strategisk plassert mellom to av dei viktigaste byane for gatekunst i Norge i dag. Nord for oss har me Bergen, der gatekunsten har floret i mange år, og der Bergen kommune har bidratt til å skapa eit positivt fokus på og aksept av gatekunst i bybildet. Lenger sør ligg Stavanger med sin Nuart Festival, som hentar inn store namn innan gatekunsten frå inn- og utland kvart år. Med «Moving Mountains», som er temaet for den første gatekunstfestivalen i Kvinnherad, Hardangerfjord Street Art Festival 2018, ønsker me å skapa eit band som går gjennom Kvinnherad mellom desse to gatekunstbyane: Eit kunstprosjekt som me også trur vil komma både innbyggjarane i kommunen og fylket til gode, samt vil fremja Hordaland som leiande bidragsytar innan det stadig veksande miljøet rundt gatekunsten. Hardangerfjord Street Art Festival vil kunna bidra med stor kulturell verdi for fylket, då festivalen kjem til å vera ei samankobling mellom aktørar frå heile Hordaland og såleis stimulera til samarbeid på tvers av ulike kommunar. Forutan norske og lokale medier, vil festivalen også bli marknadsført nasjonalt og internasjonalt gjennom kjende gatekunstbloggar, noko som vil setja både Kvinnherad kommune og Hordaland på kartet. Gatekunstbloggaren Streetart360 (Storbritannia) vil sjølv besøka festivalen, i tillegg vil tre andre internasjonale gatekunstbloggarar dekka festivalen; Isupportstreetart (Storbritannia), Street Art In United States (USA) og Urban Shit (Tyskland).

Bergen kommune har i ei årrekke fremja gatekunsten som eit velkomment kunstnerisk, urbant uttrykk i byen. Likevel finst det ingen gatekunstfestival i Bergen eller Hordaland. Dette kan Hardangerfjord Street Art Festival bøte på, og med sin festival bidra til at Hordaland har eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgong for alle. I tillegg til at dei ulike gatekunstnarane lagar gatekunst/veggkunst og små installasjoner over heile Kvinnherad, er det ein av ambisjonane til festivalen å få med oss dei som bur her, unge som eldre. Kreativitet kan på ein enkel måte skildrast som det å setja ting saman på nye måtar. Med festivalen ønsker me å inspirera til ein form for kollektiv kreativitet, der folk ikkje bare får lov til å betrakta kunsten medan den vert til, samt beundra det ferdige verket, men også sjølve får engasjera seg og prøva seg som 'kunstnarar'. Me kjem til å by på ulike gatekunstrelaterte aktivitetar som folk kan ta del i, og har utarbeida forslag til gatekunstworkshoppar av ulike slag, for å møta ulike målgrupper:

## **Forslag til workshops:**

- Gatekunst-workshop for barn ved Underheim barneskule
- Gatekunst-workshop for ungdommar i Hallen til Arne Martin Guddal Husby, Rosendal
- Strikke-workshop med bebuarar på Rosendalstunet
- Visning av gatekunstdokumentaren «Sky is the limit» på Husnes Kino. Filmen, som kom ut i 2017, er regissert av Jérôme Thomas. Den er fransk med engelsk undertekst.
- Pop Up Street Art performance og salsa-utstilling i regi av Gatekunstgalleriet, Bergen. Denne vert på ein av uteplassane i kommunen, som ein flott avslutningsfest på festivalen.

Me vil understreka at både workshopar og filmvisinga er gratis for folk å ta del i.

## **Gatekunstnarane som så langt er involverte i festivalen er:**

Gatekunstnarane som så langt er involverte i festivalen er: Sandie Carol, Nipper John, AFK, Nimi, Ami Gatekunst og Tante Regine.

Når det gjeld andre nasjonale/internasjonale kunstnarar, vil me vurdera moglege nye namn i forhold til festivalstøtta me eventuelt får tildelt frå Hordaland Fylkeskommune og andre lokale sponsorar. Kva aktivitetar me kan tilby vil også avhenga av kva økonomisk støtte me kan få.

Me håpar søknaden vår kan vera av interesse for Hordaland Fylkeskommune og at de, som oss, ser det store potensialet ein slik festival kan ha for kunstinteresserte ikkje bare i Kvinnherad kommune, men også i Hordaland og resten av det langstrakte landet vårt. Særleg i ei tid der kunstfaga blir utraderte frå såvel grunnskule som den vidaregåande skulen i Norge, vil ein festival som fokuserer på kunst ha stor betydning. Me har eit ansvar for å skapa rom der barn og unge både kan komma i kontakt med ulike kreative uttrykk, samt sjølve kan få bruka dei kreative evnene sine. Me trur at Hardangerfjord Street Art Festival kan vera eit slikt rom, ved å leggja til rette for spennande møte med ulike gatekunstnarar, og såleis bidra til utviklinga av skaparlyst og glede hos dei som tek del. Gatekunsten er for alle, også dei som ikkje går på kunstutstillingar. Den smiler til deg frå ein vegg i ei gate i byen, eller frå eine sida av ein låvebygning på landet. Den kan tala til hjartet, og inspirera til å stilla nye spørsmål, og kan hende, både for person og samfunn, inspirera til å finna nye løysingar som flyttar dei metaforiske fjella som me alle ber på.

- Og så må me ikkje gløyma gleda over å kunna kvila blikket på ein vegg eller mur som står fram i ny prakt, som kunstnarleg supplement til Kvinnherads majestetiske fjell og fjord. Kven vil ikkje besøkja ein kommune med så mange vakre attraksjonar?

## Budsjettforslag:

### Inntekter:

Kvinnherad kommune	150000,-
Lokale sponsorar	97000,-
Hordaland Fylkeskommune	150000,-
<b>Totalt</b>	<b>397000,-</b>

### Utgifter:

Materiell/utstyr	38000,-
Lift	20000,-
Kunstnarhonorar	30000,-
Overnatting	34000,-
Mat	20000,-
Reisekostnadar	29000,-
Media	4000,-
Eigeninnsats	222.000,-
<b>Totalt</b>	<b>397000,-</b>

Eigeninnsatsen består av frivillig arbeid utført av 6 gatekunstnarar, 1 fotograf, 1 journalist, 1 sosiale medier-manager; 9 personar tilsaman. Eingeninnsats av festivalleiarar, kunstnarar og grafisk designer før og etter festivalen: 300 timer à 300 kr = 90.000kr  
Eigeninnsats under festivalen av heile festival-teamet (9 personar):  
441 timer à 300kr = 132.300kr

**Tilsaman: 222300,-**

### Med gode helsingar,

Sandie Carol, Nipper John, AFK, Nimi, Ami Gatekunst og Tante Regine.